

Vaksdal Kommune

Økonomiplan 2016 – 2019



Innhald

Forord frå rådmann	3
Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan	5
Økonomiplan 2016 - 2019	6
Økonomiske mål.....	8
Utfordringar i planperioden	9
Scenarier 2016 – 2019.....	9
Inntekter	11
Utgifter	17
Investeringar og lånegjeld	18
Strategiske val og endringar i drifta i økonomiplanen	23
Organisasjonen og kommunen som tenesteytar	26
Tenestekområda i planperioden	30
Oppvekst.....	30
Helse og omsorg.....	32
Samfunnsutvikling	36

Forord frå rådmann



Rådmannen legg med dette fram framlegg til økonomiplan for Vaksdal kommune 2016 – 2019 i samsvar med kommunelova § 44 som fastslår at kommunen skal utarbeid ein økonomiplan som omfattar minst dei fire neste budsjettår. Det er første gong kommunen legg opp til handsaming av økonomiplanen i juni, og det er eit viktig grep som no vert tatt med å løfte drøfting og avgjerd om overordna strategiar for kommunen.

Økonomiplanen er prega av at det i kommande periode rår stor usikkerheit om inntektsgrunnlaget til kommunen. Grunnlaget i nytt inntektssystem er ikkje kjent, inntekter knytt til konsesjonskraft er sterkt fallande og det er uvisse knytt til eigedomsskatten, folketalsutviklinga er uroande og skatteinngangen er låg. Til hjelp i planlegginga i perioden er det lagt til grunn fleire ulike scenario for å kunne førebu seg på ulike framtidsbilete. Dette er ein velkjent måte å tilnærme seg ei usikker utvikling.

Me har lagt til grunn i planarbeidet at utviklinga seinare år saman med pågåande prosessar nasjonalt, viser at me må bu oss på raskare fall i inntekter og større fall for å tilpasse oss nye rammevilkår. Gjennom OU- prosjekta 2013/2014 har tenesteområda lagt fram framlegg til viktige vegval som er lagt til grunn i gjeldande økonomiplan. Desse er tatt vidare inn i framlegg til økonomiplan 2016 – 2019 og representerer strategiske val for å planleggje innanfor reduserte økonomiske rammer og samstundes halde ved like og styrke kvalitet på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling. Organisasjonen har arbeidd aktivt med dette, og rådmannen vil gje honnør til alle som har delteke – og deltek i – dette monaleg store prosjektarbeidet.

Gjeldande investeringsplan er lagt til grunn og rullert i økonomiplanperioden. Men ein del nye investeringsbehov er tatt inn i planen, i hovudsak for å kunne endre drifta i planperioden og redusere driftskostnader. Gjennomgangen av kommunale bygg er viktig for å kunne ta avgjerdar mest mogeleg tufta på fakta og tilstrekkeleg kvalitetssikra kunnskapsgrunnlag.

Kommunereforma er eit viktig bakteppe. Den representerer sentrale problemstillingar og føresetnader for framtidig kommunestruktur og forventningar til lokaldemokrati og tenesteyting. Mykje er framleis uavklart, noko som gjer det krevjande å drive langtidsplanlegging.

Økonomiplanen legg opp til eit ambisiøst program og det vil krevje av oss på alle nivå å gjennomføre. Samla sett har kommunen framleis eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar. Det er engasjerte og dyktige tilsette i kommunen som er orientert mot utvikling, og det skjer mykje positivt som gir grunnlag for eit godt omdømme og å vere stolt av eigen kommune. Dei viktige vegvala som økonomiplanen legg opp til kan utløyse endå større engasjement og vere med på å styrke dette.

Dei største utfordringane i økonomiplanen vil etter rådmannen si vurdering vere:

- Gjere viktige vegval for å tilpasse oss til endra behov, forventningar og reduserte inntekter samstundes som våre eksterne rammebetingelsar er usikre
- Viktige investeringsavgjerdar som har stor betydning for kommunen sin økonomi, folketalsutvikling og tenesteproduksjon
- Gjennomføre strategiane samstundes som me har god kvalitet og godt arbeidsmiljø i dagleg drift
- Sikre at me utnytter potensialet i egne inntekter maksimalt

Dette vil krevje arbeid og samarbeid på alle nivå i administrasjonen, og det vil krevje eit godt samarbeid mellom politisk nivå og administrasjonen. God kommunikasjon, informasjon og dialog vil vere viktig både i eigen organisasjon og i høve innbyggjarane. Me er godt på veg, og får me dette til, kjenner rådmannen seg sikker på at Vaksdal kommune vil vere ein god kommune å bu og arbeide i.

Trine P. Grønbech
Rådmann

Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

- 1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
- 2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
- 3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*
- 4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
- 5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
- 6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
- 7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
- 8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Kommunen skal etter Kommunelova §45 vedta eit budsjett for neste år innan utgangen av året.

Kommunelova § 46 seier følgjande om innhald i årsbudsjettet

- 1. Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettgjeld på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.*
- 2. Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.*
- 3. Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.*
- 4. Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*
- 5. Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.*
- 6. Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*
- 7. I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.*
- 8. Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.*

Økonomiplan 2016 - 2019

Økonomiplanen er ein overordna langtidsplan og handlingsdel til kommuneplanen. Økonomiplanen er ikkje eit løyvingsbudsjett, men er førande for utviklinga dei neste fire åra og for neste års budsjettarbeid. Planen vert rullert kvart år og justert i høve til endringar i føresetnader og prioriteringar.

Kommuneplanen -overordna mål

Kommunen sin visjon er "Bynært bygdeliv"

Overordna mål for kommunen er nedfelt i kommuneplanen, samfunnsdelen. Det er starta opp arbeid med rulling av kommuneplan. Økonomiplanen skal vere ein fireårig handlingsplan for å realisere desse måla.



Kommunen som tenesteyter – overordna mål

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Kommunereform og nytt inntektssystem

Kommunereform

Regjeringa sine mål for ein ny kommunereform:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein samla lovproposisjon om nye oppgåver til kommunane våre 2017, samstundes med forslag om ny kommunestruktur og nytt folkevalt nivå.

Regjeringa vil sende høringsnotat for sommaren 2015 om einstilte endringar i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).

Det er fleire økonomiske virkemiddel som er tilgjengeleg for å stimulere til gode prosessar og oppnå ynska resultat. Kommunar som slår seg saman får dekkja eingongskostnader etter ein standardisert modell. I tillegg blir det gitt reformstønad til alle samanslåtte kommunar med vedtak i reformperioden, med et minstebeløp på 5 mill. kroner per samanslåing. Stønadene er differensiert etter innbyggjartal. Inndelingstilskotet blir vidareført slik at den nye kommunen får behalde tilskot

som om den fortsatt var to (eller fleire) kommunar i 15 år etter samanslåinga, før tilskotet vert trappa ned over 5 år. Inntektsåret 2016 skal leggest til grunn for inndelingstilskotet.

Grensejusteringar utløyser ikkje tilskot knytt til kommunereforma. Ein kommune kan bli slått saman og delt mellom to, eventuelt fleire, andre kommunar. Tilskota knytte til kommune-reforma vil bli fordelte på grunnlag av talet på innbyggjarar i dei ulike delane av tidlegare kommune.

Nytt inntektssystem

Regjeringa legg opp til ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane innan 2017. Gjennomgangen av inntektssystemet vil sjåast i samanheng med kommunereforma. Endringane i inntektssystemet vert lagt fram i samband med kommuneproposisjonen i 2016 og vidare i statsbudsjettet for 2017.

Regjeringa legg opp til å presenter ein samla gjennomgang av Inntektssystemet, der sentrale tema er.

- Skatteandelen
- Inntektsutjamninga
- Selskapsskatten
- Kostnadsnøkkelen
- Diverse regionalpolitiske tilskudd

Økonomiske mål

Mål: Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har



Langsiktige mål for sunn økonomi

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 3 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter : under 50%
- Disposisjonsfond minst 10%

Kommunen har vedtatt eit langsiktig mål om 3 % netto driftsresultat som er eit anbefalt nivå for å sikre sunn økonomi over tid. Overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid. Netto driftsresultat i 2014 var 2,1 %. Kommunestyret la til grunn 2,4 % for budsjettåret 2015.

Netto lånegjeld i kommunen er pr 2014 52,2% medan landet, fylket og kommunegruppa ligg høgare. For å ikkje binde for mykje kapital til renter og avdrag er det behov for at kommunen held fram med ei nøkternt nivå på investeringane. I planperioden vil investeringar som kan redusere driftsnivå i samsvar med reduserte inntekter bli prioritert.

Kommunen har i dag disposisjonsfond på 17 % som er rekna som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarande premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposisjonsfondet vårt. Frå 2014 er netto premieavvik negativ, dvs. utgiftene til nedbetaling av oppsamla premieavvik er større enn tilført premieavvik i året. Desse kostnadane (del av pensjonskostnader) vil auke i åra som kjem.

I planperioden er dei langsiktige måla under press gjennom reduserte inntekter og behov for tilpassing av utgiftene i samsvar med dette. Dette krev omstillingar og utvikling i perioden.

Utfordringar i planperioden

Vaksdal kommune skal levere gode tenester – også i framtida. Det er avgjerande for vidare økonomisk berekraft at kommunen tilpassar sitt aktivitetsnivå til dei økonomiske rammevilkåra.

For komande planperiode rår det stor usikkerhet om inntektsgrunnlaget til kommunen. Grunnlaget i nytt inntektssystem er ikkje kjent, inntekter knytt til konsesjonskraft er sterkt fallande og det er uvisse knytt til eigedomsskatten, folketalsutviklinga er uroande og skatteinngangen låg.

Fylkesmannen skriv i sitt budsjettbrev til kommunen om låg folkevekst og behov for tilpassingar: *«Endringane gir effektar for rammetilskotet, men har sitt motstykke i at det er trong for færre tenester. Å tilpasse den kommunale organisasjonen til denne utviklinga kan vera utfordrande, og kommunen har lagt ned mykje arbeid i denne prosessen, som starta i 2013. Det er lagt til grunn ein kostnadsreduksjon i åra som kjem for å møte fallet i inntekter».*

Til hjelp i planlegginga for perioden er det lagt til grunn **scenariotenking** for å kunne førebu seg på ulike framtidsbilete. Det er ein metodikk for langsiktig planlegging som er spesielt godt eigna når framtida synes usikker og det er store svingingar i rammevilkåra. Med stor usikkerhet rundt inntektene i planperioden er det nødvendig å lage fleire scenarier for å fange inn mest mulig av usikkerheten i utviklinga.

I planen er det nytta tre scenarier knytt til ulike konsekvensar av nytt inntektssystem og andre endringar i inntektsgrunnlaget.



For alle typer organisasjonar og bedrifter er det nødvendig å planlegge for framtida. Om rammevilkåra er stabile og framtida er venta å vera ei framskriving av dagens situasjon, kan det vera tilstrekkeleg med projeksjonar av aktivitetar, inntekter og utgifter dei siste årene. Denne type planlegging fungerer imidlertid ikkje under skiftande ytre forhold og usikre rammevilkår.

Scenarietenking er ein metode for langsiktig planlegging med skildringar av samansette framtidsbilder. Scenariene skildrar plausible, ikkje nødvendigvis sannsynlege utviklingar. Dei set søkelys på problem og spørsmål som beslutningstakarar er nødt til å være klar over og forhalde seg til, og på kva konsekvensar ulike avgjersler kan få

Scenarier vert nytta i planlegging innan næringsliv og offentlig sektor og kan være nyttige som tillegg til tradisjonell planlegging og trendframskriving. Spesielt har metoden sin plass i ei verd med raske endringar og skiftande rammevilkår. (NTNU/Sintef)

Scenarier 2016 – 2019

Scenario 1: Reduksjon i inntekter i perioden er berekna til kr 12-15 mill

Vidareføring av dagens økonomiplan med utgangspunkt i eit inntektssystem tilsvarande dagens vilkår

Føresetnader i dette scenarioet er at kriteria og vilkår i dagens inntektssystem vert vidareført på same nivå i det nye inntektssystemet gjennom heile planperioden. Kommunen vil få reduksjon i

inntekter grunna demografiske forhold og lavare skatteinngang/inntektsutjamning. Inntekter knytt til kraft vert redusert som lagt til grunn i økonomiplanen, andre inntekter vert vidareført. På utgiftssida aukar kapitalkostnadane og pensjonskostnadane i perioden.

Reduksjon i inntekter i perioden er berekna til **kr 12-15 mill**

Størst inntektsreduksjon er venta dei første åra gitt at ikkje folketalet vert ytterlegare redusert utover i perioden. Vesentlege omstillingar og strukturendringar i tenestene er nødvendig.

Scenario 2: Reduksjon i inntekter i perioden er kr 25 – 30 mill

Økonomiplan med endringar i inntektssystemet

Føresetnader i dette scenarioet er at kriteria og vilkår vert endra i det nye inntektssystemet frå 2017. Kommunane sine samla inntekter vert lagt til grunn og Vaksdal vil få redusert overføringane frå staten. Overgangsordningar og omfordelingsmekanismer kompensera delvis for tapet. Demografiske forhold og lavare skatteinngang/inntektsutjamning vil og gi inntektstap. Inntekter knytt til kraft vert redusert som lagt til grunn i økonomiplanen, andre inntektspostar kan og bli reduserte. På utgiftssida aukar kapitalkostnadane og pensjonskostnadane i perioden.

Reduksjon i inntekter i perioden er berekna til **kr 25 – 30 mill**

Inntektene fell i 2016, frå 2017 vert rammetilskotet vesentleg redusert, men det vert omfordelt midlar (ev overgangsordningar) som skal kompensere deler av inntektstapet.

Kommunen må iversetje omfattande omstillingar og strukturelle endringar og redusere tenester og ressursar.

Scenario 3: Reduksjon i inntekter i perioden er inntil 40 mill

Økonomiplan med endringar i inntektssystemet og/eller skattesystemet utan kompensasjon

Føresetnader i dette scenarioet er at kriteria og vilkår vert endra i det nye inntektssystemet frå 2017. Kommunane sine samla inntekter vert lagt til grunn og Vaksdal vil få redusert overføringane frå staten. Demografiske forhold og lavare skatteinngang/inntektsutjamning vil og gi inntektstap. Inntekter knytt til kraft vert redusert som lagt til grunn i økonomiplanen, andre inntektspostar kan og bli reduserte. På utgiftssida aukar kapitalkostnadane og pensjonskostnadane i perioden.

Alternativt vert det både endringar i inntektssystemet og skattesystemet med overgangsordningar og omfordelingsmekanismer som delvis kompenserer for tapet i perioden..

Reduksjon i inntekter i perioden er **inntil 40 mill**

Inntektene fell i 2016, frå 2017 vert rammetilskotet vesentleg redusert, ev med delvis kompensasjon. Endringar i skattesystemet fører til ytterlegare reduksjon.

Kommunen må iversetje omfattande omstillingar og strukturelle endringar og redusere tenester og ressursar gjennomgåande i perioden.

Inntekter

Kommunen har hatt synkende inntekter dei siste åra, både frie inntekter frå staten og kommunen sine egne inntekter knytt til vasskraft og finansforvaltning er redusert. I 2014 vart inntektsnedgangen vesentleg med låg salspris på konsesjonskrafta, sviakt i skatteinntekter og utjevningssmidlar, tap på aksjeportefølgjen og redusert utbytte. I økonomiplanen er det lagt til grunn ein ytterlegare nedgang i inntektene.

Usikkerhet knytt til inntektene i planperioden

Det er større usikkerhet om inntektene våre i neste fireårs-periode enn vi har sett i tidlegare år. Det er særleg tre forhold som påverkar inntektene til kommunen i komande planperiode:

- Folketalsutviklinga – låg vekst eller svak nedgang i folketallet
- Utviklinga innan vasskraft – reduserte inntekter frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og utbytte
- Endringar i inntektssystemet - omlegging av inntektssystemet og skattesystemet

Folketalsutvikling

Utvikling i folketal og alderssamansetning er eit av dei viktigaste kriteria for den økonomisk utviklinga i ein kommune. Vaksdal kommune har eit relativt stabilt folketal dei siste åra, men med større endringar i alderssamansetningar. I 2014 vart folketallet redusert med 44 personar, det er ein vesentleg nedgang og folketallet er no på nivå med 2007, som er det lågaste dei siste 10 åra.

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
PR 1.1 i året	4118	4094	4106	4110	4107	4153	4138	4132	4140	4096
Endring frå året før	-36	-24	12	4	-3	46	-15	-6	8	-44
Endring i %	-0,9	-0,6	0,3	0,1	-0,1	1,1	-0,4	-0,1	0,2	-1,1


Endringane i 2014 fordeler seg slik: 6 fleire fødde, -18 i aldersgruppa 1-5 (barnehage), -8 i aldersgruppa 6-16 (grunnskule), +1 i alderen 16-22, -24 i alderen 23 -66, +4 i aldersgruppa 67 -79, -13 i alderen 80 -89 og + 8 i alderen 90 og over.

Tal for første kvartal 2015 viser same utvikling, folketallet er redusert med 21 til 4075 innbyggjarar.


Nivået på rammetilskot vil påverkast av folketalsutvikling, alder samansetning og andre demografiske forhold samanlikna med landet samla.

Både SSB og Hordaland Fylkeskommune har utarbeidd demografiske prognoser for åra frametter. Framskrivingane er basert på mange ulike føresetnader, og gir ulike vekstalternativ i sine framskrivingar. Hordaland fylkeskommune har delteke i eit samarbeidsprosjekt kalla Fylkesprognoser.no, med utarbeiding av demografiske prognoser fram mot 2030.

Ut frå dei utviklingstrekk som er i kommunen vert lågalternativet lagt til grunn for prognoser for framtidig rammetilskot og tilpassing av tenestetilbodet.



Ser ein tilsvarande mot SSB sine prognoser for folketalsutviklinga, gir dette om lag tilsvarande tal som Fylkesprognoser når ein legg til grunn utvikling med lav vekst. Fordelt på ulike aldersgrupper er det forventa følgjande vekst:



Prognosen viser at det er aldersgruppa 67-79 år som vil få størst vekst fram mot 2030.


Dersom vi ser på dei ulike aldersgruppene som får mest direkte tenester er det følgjande utvikling i folketalet:

Barnehage: Prognosar antal born i aldersgruppa 1-5 år. Det er venta reduksjon i planperioden, og deretter svak vekst fram mot 2025.

Grunnskule: Prognosar antal born i aldersgruppa 6-15 år. I planperioden er det venta svak nedgang (noko svingande) og lav vekst etter 2020

Eldreomsorg: Det er aldersgruppa 67-79 som aukar, medan det er forventet reduksjon i aldersgruppene over 80 år. Størstedelen av mottakarar av heimetenester og bebuarar på institusjon er i aldersgruppa over 80 år, samla viser aldersgruppene over 80 år reduksjon fram mot 2025 og deretter noko vekst fram mot 2030.

Dersom vi legg til grunn aldersfordelinga i befolkning pr 1.1.14, og siste utviklingstrekk med folketal pr 1.1.15 og utvikling i 1.kvartal 2015, ser vi at det i planperioden vil vere redusert behov for ressursinnsats innan Barnehage og Pleie og omsorg. Det er då lagt opp til lav vekst for Vaksdal kommune. På lenger sikt viser prognosane at det tydeleg er innafor Pleie og omsorg at tenestebehovet vert redusert.




Inntekter knytt til vasskraft

Kommunen har egne inntekter utover rammetilskot og skatt. Dei viktigaste inntektene er eigedomsskatt og konsesjonskraft. Desse inntektene vert påverka av utviklinga i kraftmarknaden.

Eigedomsskatt er ein kommunal skatt som kommunen nyttar til finansiering av tenestetilbodet. Største delen av eigedomsskatten kjem frå kraftstasjonar. Skattegrunnlaget for komande år kjem frå sentralskattekontoret mot slutten av året. BKK som største konsesjonær varslar reduksjon for sine anlegg frametter og har sendt oss sine prognosar til og med 2023. For neste år syner prognosen ein reduksjon med om lag 1,5 mill frå nivået i 2014. For 2015 vert det budsjettert med 34 mill.

Først i 2023 vil nivået verte på 2014-nivå. Utviklinga i kraftprisar, kostnader og investeringar kan påverke skattegrunnlaget for verk og bruk.


Kommunen har lagt til grunn prognosen, men med noko mindre reduksjon i slutten av planperioden. Det er særleg låge kraftprisar med redusert inntening saman med auka kostnader til rehabilitering og vedlikehald som påverkar grunnlaget for eigedomsskatt.



Det er foreslått auka grunnrente for å auke staten sine inntekter som kompensasjon for endringar i skattepolitikken. Med auka grunnrente vert eigedomsskatten i kommunen redusert, sjølv små endringar slår ut på skattedelen frå kraftverk. Endringar i skattesystemet er venta til behandling i Stortinget før jul 2015.

Rådmann legg ikkje til grunn auke i eigedomsskatten (promillen) for bustader og fritidsbustader, men legg til grunn nytaksering sist i perioden.

Kommunen har **konsesjonskraft** som vert omsett i marknaden. Lågare kraftprisar har gitt lågare inntekter dei siste åra. Det er venta låge kraftprisar i heile planperioden, det vil redusere konsesjonskraftinntektene i åra som kjem. For 2015 er krafta solgt og gir ei netto inntekt på 7,4 mill. Dette er ein reduksjon på 3 mill frå 2014, og det er venta ytterlegare reduksjonar i 2016 og frametter.



Rammetilskot og skatt - nytt inntektssystem

Budsjettåret 2016 er siste år med noverande inntektssystem. Regjeringa har varsla ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane med verknad for 2017. Alle element i inntektssystemet vil bli vurdert og vil bli sett i samanheng med kommunereforma. Endringar i skattesystemet vert lagt fram i slutten av 2015. Regjeringa vil vurdere ulike modeller for tilbakeføring av deler av selskapsskatten til kommunane fram mot kommuneproposisjonen for 2016.

Kommunane sine samla inntekter skal leggest til grunn i nytt inntektssystem. Det er uttrykt at både inntektsdelen og utjamningsdelen (fordeling) vil verta endra. Endringar i skattesystemet er på høyring (NOU 2014: 13 Kapitalbeskatning i en internasjonal økonomi) og det er fleire forslag til endringar i skattepolitikken som kan få negative konsekvensar for vår økonomi. Av desse forslaga er det særleg endringar i eigedomsskatten som kan få stor påverknad på vår økonomi. Eigedomsskatt i 2014 var 36 mill, det er venta ein reduksjon i perioden til om lag 30 mill utan endringar i skattesystemet. Følgjande forslag vil påverke våre inntekter negativt:

- Scheel utvalet (NOU 2014:13) foreslår m.a. endringar i skattesystemet for å redusere skatt på arbeid og auka skatt på bustad m.a. for å sikre landet skatteinntekter i ein globalisert økonomi. For å kompensere endringar i selskapsskatten og personbeskatning er det foreslått å gjere eigedomsskatten statleg. Eigedomsskatten er i dag ein kommunal skatt der inntektene i sin heilheit går til kommunen, alle kraftkommunar har eigedomsskatt på verk og bruk. Rapporten frå utvalet legg til grunn at eigedomsskatten utgjør liten del av inntektene i kommunane og at ei slik endring vil ha «*mindre betydning for kommunane*». Ev kompensasjonsordningar i ein overgangsperiode er ikkje omtalt.
- Innlemming av eigedomsskatten som grunnlag i inntektssystemet kan redusere frie inntekter til kommunen. Vaksdal får kompensert for høgare utgifter i rammetilskotet, i 2015 utgjør dette vel 35 mill. Om kommunens egne inntekter også vert lagt til grunn for samla inntekter kan rammetilskotet verta redusert.

I kommuneproposisjonen for 2016 er det varsla mindre endringar for selskapsskatten frå 2017 med tilbakeføring av inntekter til kommunar med vekst i næringsarbeidsplassar. Det er førebels usikkert korleis dette vil slå ut for den enkelte kommune. KS omtalar ordninga som eit reint veksttilskot til kommunar med auka næringsetableringar eks Stavanger-regionen og andre byar/bynære områder. Korleis dette vil slå ut for skatt og skatteutjamning er førebels ikkje klart.

I eit globalisert samfunn får skattlegging av fast eigedom auka verdi. Det vil auke presset på eigedomsskatt som ein kommunal skatt.

Det er viktig å understreke at økonomien vår vert meir pressa i komande periode uavhengig av nytt inntektssystem og endringar i skattesystemet.

Dei frie inntektene til kommunane består av rammetilskot og skatteinntekter, dette er inntekter kommunane kan rå fritt over utan andre føringar frå Staten enn gjeldane lover og regelverk. Det overordna føremålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordeling av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntekter. Utgiftsutjevninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gjev strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad kan påverke.

Inntektssystemet vert påverka av både folketalsutvikling og utvikling innafor ulike kriterium. Alderssamansetninga har stor betydning for utgiftsutjevninga, og utgjør i underkant av 70% av vekta for denne delen av inntektssystemet. Det er aldersgruppene 2-15 år som har den største vekta, og deretter gruppene over 67 år.

Raskare omstilling for å tilpasse oss nye rammevilkår

Dersom vi legg SSB sin framskriving til grunn med middels nasjonal vekst frametter, og lav vekst for Vaksdal kommune, viser utrekningar i KS sin prognosemodell at det i planperioden kan påreknast reduksjonar i rammeoverføringane. Inntektsbortfallet stiller krav til større og raskare endringar for å tilpasse oss nye rammevilkår og redusert behov for tenester.

Samla viser utviklinga i rammetilskot, skatt og egne inntekter frå eigedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte ein vesentleg reduksjon i inntektsgrunnlaget i planperioden. På utgiftssida kjem auka kapitalutgifter og pensjonskostnader som tillegg, samla 12-15 mill i omstillingsbehov. Rammene er basert på vidareføring av dagens rammevilkår og føresetnader (Scenario 1).

	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Rammetilskot	-2 000 000	-3 500 000	-4 500 000	-6 000 000
Skatt	-	-	-	-
Eigedomsskatt	-2 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Konsesjonskraft	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Utbytte BKK	-	-	-	-
Sum	-6 000 000	-7 500 000	-9 500 000	-11 000 000
<i>Endring i % frå 2015</i>	<i>-2,1 %</i>	<i>-2,7 %</i>	<i>-3,4 %</i>	<i>-3,9 %</i>

Kommunane opplevde skattesvikt i 2014 i forhold til prognosane i statsbudsjettet. Denne trenden har fortsatt inn i 2015, der kommunane i noko grad vert kompensert for denne inntektssvikta. Vaksdal kommune har om lag same skatteinngang i år som i fjor, men vil få redusert inntektsutjevning sidan skatteveksten i landet er lågare enn venta.

Auka skatteinntekter vil ikkje ha større effekt for Vaksdal kommune, då skatteinntektene er på under 90% i forhold til landet. Auka skatteinntekt vil då medføre redusert inntektsutjevning. For Vaksdal kommune er det ikkje lagt opp til vekst i skatteinntektene i planperioden. Det er ei viss usikkerheit knytt til skatteinngang framover, om veksten for landet vert lågare enn prognosen i statsbudsjettet (jf 2014) kan det påverke utjevningssidlane negativt.

Avkastning på verdipapir - Aksjar og obligasjonar

Pr 1.tertial er kommunen sin portefølje om lag 88 mill

AKTIVAKLASSE	MARKEDSVERDI NOK	I PROSENT
Bankinnskudd	3 014 479	3 %
Sertifikat/obligasjonar	71 079 153	81 %
Aksjer	13 920 586	16 %
Totalt	88 014 218	100 %



Dei seinare åra har det vore svingingar i avkastning på verdipapir, og i planperioden vert det ikkje budsjettert med avkastning på aksjar. Ei eventuell avkastning i rekneskapsåra vert foreslått overført til fond. Det har vore budsjettert med avkastning på obligasjonar på 2 mill årleg, dette vert vidareført i planperioden.

Utgifter

Utgiftsnivået i kommunen har over tid vore høgt sett i forhold til inntektene. Inntekter frå konsesjonskraft, eigedomsskatt og avkastning på aksjar og obligasjonar er brukt til drift, det er eit mål at desse inntektene i framtida vert brukt til investeringar. Driftskostnadane må framover tilpassast eit lavare inntektsnivå og dette er hovudutfordringa i planperioden.

Kommunal drift går i hovudsak til å produsere velferdstenester som helse og omsorg, grunnskule og barnehagetilbod. Løn og sosiale utgifter utgjør dei største utgiftspostane i kommunale budsjett.

Samanlikna med landet forøvring ser vi at Vaksdal kommune bruker ein stor del på Helse og omsorg, og dermed mindre på dei andre store sektorane som Barnehage og Grunnskule. Samla bruker Vaksdal komme 72% av netto driftsbudsjett på desse sektorane samla, medan tilsvarende tal for landet forøvring er 73%.



Når behovet vert redusert som følgje av folketalsutviklinga i perioden er det naturleg å redusere omfanget av desse tenestene. Samhandlingsreforma og andre føringar legg opp til endringar i tenestetilbodet i kommunane. Brukarane sine preferansar har også endra seg frå tidlegare.

I Økonomiplanperioden må utgiftsnivået reduserast for å tilpassast kommunen sine reduserte inntekter. Samstundes er det viktig å ha eit mål om 3 % netto driftsresultat, overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid.


Pensjonskostnader

Det er venta at **pensjonskostnadane** vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene i statsbudsjettet. Auken i pensjonspremie har samheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid til 7 år for premieavvik vil ha budsjetteffekt frå 2015 og bidra til å auke pensjonskostnadane.

Vaksdal har eit oppsamla premieavvik på kr 53,6 mill pr 1/1-2015.

Som motpost til det store premieavviket er det sett av midlar av overskotet til eit fond som kan nyttast til å dekke inn negativt premieavvik, amortisering (avskrivning) av premieavvik og ev. tap på verdipapir. Amortiseringsfondet er 44,5 mill pr 1/1-2015.

Det er venta mindre premieavvik i åra som kjem.



Investeringar og lånegjeld


Gjeldane investeringsplan er lagt til grunn og rullert i økonomiplanperioden. Enkelte prosjekt eller deler av prosjekt er av ulike grunner skyvd litt ut i tid i investeringsplanen.

Det legges opp til store investeringar i planperioden, føresetnaden for å tilrå dette er at investeringane medfører reduserte driftskostnader framover og inntektsvekst gjennom bustadbygging som kan generere folketalsvekst. Finansiering gjennom store låneopptak medfører lånegjeld godt over måtalet og vil medføre auka kapitalkostnadane i kommunen. Større og raskare omstillingar for å tilpasse oss rammevilkåra er ein føresetnad for berekraftig drift framover.

Investeringar til skule og helse og omsorg er lagt inn for å synleggjere mogelege kostnader i perioden. Behandling av sak om tilstandsrapport oppvekstbygg og prosessen for drøfting av skulestruktur vil avgjere vidare framdrift og kostnader i investeringsperioden. Forprosjektet og tilstandsvurdering av

bygg helse og omsorg vil avdekke nærare kostnader ved driftsendringane i helse og omsorg og ev lån og tilskot frå Husbanken. Kapitalbudsjettet for 2016 vert endeleg behandla i årsbudsjettet for 2016.

KAPITALBUDSJETT	ØPL.2016	ØPL. 2017	ØPL. 2018	ØPL. 2019	SUM 2016-2019
INVESTERINGSUTGIFTER					
FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT					
Ikt- og datasikkerheitsløyning	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	4 800 000
Kyrkjå - investering	200 000	200 000	200 000		600 000
HELSE OG OMSORG					
Prosjekt Demenssenter /Helsehus	5 000 000	8 000 000	5 000 000		18 000 000
Ombygging/oppgradering kommunale utleigebustader	500 000	1 500 000	500 000		2 500 000
Prosjekt: Innovasjon i omsorg	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000
					0
OPPVEKST					0
Investeringar skulebygg m/lån	1 400 000				1 400 000
Investeringar skulebygg	6 000 000	50 000 000	75 000 000	75 000 000	206 000 000
Opprusting uteområde skular/barnehagar	200 000	200 000			400 000
					0
SAMFUNNSUVIKLING					0
Investeringar kommunale bygg	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
Tettaneset infrastruktur T1	2 000 000				2 000 000
Tettaneste - T2				15 000 000	15 000 000
Senterplassen	200 000				200 000
Andre møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø	300 000		300 000		600 000
Stamnes sentrum	500 000				500 000
Teknisk stasjon maskiner/utstyr	1 600 000		500 000		2 100 000
Digitale kartverk/arkiv	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Trafikksikringstiltak	200 000	200 000	200 000		600 000
Prosjekt rassikring:	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000
Opprusting kaier		450 000	600 000		1 050 000
Samfunnsutvikling- samlokalisering, oppussing	350 000				350 000
Oppgradering kommunale bruer	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000
Rullering av kommuneplan	650 000				650 000
Kommunale vassverk			1 500 000	1 500 000	3 000 000
Avlaup (kloakkar)	1 500 000		1 500 000	1 500 000	4 500 000
Nytt vassverk Vaksdal	23 000 000				23 000 000
Avløpsanering Vaksdal	4 000 000	5 000 000			9 000 000
Høgdebasseng Myster	3 700 000				3 700 000
Oppgradering Dalevågen avløpsrenseanlegg	300 000	2 700 000			3 000 000
Avløpsanering Stanghelle	500 000	4 000 000			4 500 000
Flaumsikring Daleelva					0
SUM INVESTERINGAR	57 250 000	77 400 000	90 450 000	98 150 000	323 250 000



Tiltak på investeringsplanen

Av større tiltak i perioden kan nemnast investeringar innan skule og helse og omsorg, nytt vassverk på Vaksdal og andre større investeringar innan vatn og avlaup og tilrettelegging for bustadutbygging.

Helse og omsorg

Det er lagt inn midlar til rehabilitering/ombygging av bueiningar og midlar til prosjekt i samband med omleggingane i tenestene. Det kan verta nødvendig med ytterlegare investeringar i perioden til omlegging av drifta, nærare kostnadsberekningar vil ligge føre etter tilstandsvurdering og forprosjekt. Det er aktuelt å nytte Husbanken sine låne- og tilskotsordningar til dette prosjektet.

Oppvekst

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular går ut 2016. Kommunen har sidan 2010 årleg budsjettert med investeringar til skule innafor denne ordninga. Av ei ramme på 11,6 mill gjenstår 1,4 mill som er lagt inn i 2016. Midlane er nytta til m.a ventilasjon, toalettanlegg, og andre investeringar i samband med miljøgodkjenning, I planperioden er det lagt inn midlar til nybygg Dale barne- og ungdomsskule jf sak om tilstandsvurdering. Delar av bygningsmassen på Dale barne- og ungdomsskule har eit stort etterslep på vedlikehald. Skulen er ikkje tilpassa dei krav ein stiller til skulebygg i dag, mellom anna med tanke på fleksibilitet, inneklima og tekniske anlegg.

Erfaringar frå andre kommunar ved opprusting av eldre skulebygg har vist at risikoen ved slike prosjekt er store med omsyn til overskriding av kostnader og forlenga levetid etter oppussing. Det er døme på rehabiliteringsprosjekt med store budsjettoverskridingar der ein står igjen med eit mangelfult bygg som er dyrt i drift, og som ikkje stettar fysiske krav til eit godt læremiljø.

Erfaringar frå skulebygg av tilsvarande størrelse kan indikere kostnader på rehabilitering på mellom 50 – 100 millionar kroner og mellom 100 – 150 kr for eit nybygg.

Det er utarbeida ein tilstandsvurdering av bygget for å vurdere kostnaden for rehabilitering opp mot kostnaden for å bygge ny barne- og ungdomsskule. Synergjar mot andre aktivitetar/bygg, til dømes kulturskule, PPT og bibliotek lyt då også bli vurdert.

Samfunnsutvikling.

Innan vann og avlaup (sjølvkost) er kostnaden med nytt vassverk på Vaksdal lagt inn. Vidare er det lagt inn midlar til nytt høgdebasseng og desinfeksjon for Eidslandet vassverk, til sanering av utslepp på Vaksdal og Stanghelle og oppgradering av Dalevågen avløpsreinseanlegg.

Til utbygging på Tettaneset vert det foreslått å lyse ut prosjektet på Doffin snarast med sikte på å inngå utbyggingsavtale med entreprenør. Infrastruktur første byggetrinn er lagt inn i 2016, byggetrinn 2 i 2019.

I investeringsplan vert det og peika på mogelegheiter for raskare realisering av potensiale for bustadutbygging gjennom fortetting og ombygging av eksisterande bygg. Det er ikkje lagt inn midlar i denne omgang, men det er mogeleg å kartlegge potensiale nærare fram mot budsjettprosessen i haust.

Arealeffektivisering i kommunale bygg kan frigjere areal og legge til rette for sal av kommunale bygg som vil gje inntekter i perioden.

Det står kr 500.000 til Stamnes sentrum i 2016 som tidlegare vedtatt og opprusting av kommunale bruer og kaier er vidareført. Investeringsmidlar til kjøp av ny gravemaskin på teknisk stasjon er satt av i 2016.

Innan sjølvkost er kostnadane ved nytt vassverk på Vaksdal lagt i planen. Det er og lagt inn midlar til planlagt høgdebasseng Myster og avløpssanering.


Finansiering

Pr 31.12.2015 vil Vaksdal kommune ha om lag 263 mill i lånegjeld.


Lånegjelda til kommunen vil auka noko frametter for å finansiere investeringsprogrammet. Det er viktig å få større deler av finansieringa frå driftsoverskotet. Det vert lagt opp til at sal av eigedom, overføring frå drift og refusjon av mva reduserer låneopptaket.

	2016	2017	2018	2019	Samla 2016-2019
Bruk av formidlingslån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje	300 000				300 000
Bruk av ordinære lån	34 881 000	51 423 000	61 839 000	67 999 000	216 142 000
Samla låneopptak	37 181 000	53 423 000	63 839 000	69 999 000	224 442 000
Sal av fast eigedom	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	12 000 000
Frå fond	-	-	-	-	-
Frå drift	7 619 000	7 497 000	7 521 000	7 521 000	30 158 000
Frå MVA	11 450 000	15 480 000	18 090 000	19 630 000	64 650 000
Lån IB	262 995 000	285 776 000	323 299 000	369 238 000	
Lån IB + nytt låneopptak	300 176 000	339 199 000	387 138 000	439 237 000	
Avdrag	13 000 000	14 500 000	16 500 000	18 800 000	62 800 000
Avdrag formidlingslån	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	5 600 000
Sum avdrag	14 400 000	15 900 000	17 900 000	20 200 000	68 400 000
Netto lånegjeld etter avdrag	285 776 000	323 299 000	369 238 000	419 037 000	
Renteutgifter gamle og nye lån	9 300 000	13 100 000	17 400 000	22 000 000	61 800 000

Lånegjelda i planperioden:



Renter og avdrag



Strategiske val og endringar i drifta i økonomiplanen

Inntektene til kommunen vert vesentleg redusert dei komande åra. Demografiske forhold viser nedgang i folketalet med færre barn og færre eldre. Behovet for kommunale tenester vert redusert, og kapasitet og ressursbruk må tilpassast denne utviklinga. Samtidig skal kvaliteten på tenestene haldast ved like og utviklast, og fokuset på førebygging og samfunnsutvikling styrkast.

Organisasjonen har arbeidd med å utvikle og endre dei kommunale tenestene for å gjere oss rusta til å møte endra behov og nye rammevilkår. Gjennom organisasjonsutviklingsprosjektet (OU) har alle einingar vurdert tenestetilbod, samhandling, kvalitet og utviklingsbehov innafør eigen eining og kommunen samla.

I gjeldande økonomiplan er det lagt vekt på å planlegge og skape handlingsrom for endring. Kommunen må i større grad prioritere innafør reduserte økonomiske rammer. For komande planperiode er dei strategiske vegvala vidareført. Scenariene for planperioden 2016 – 2019 vert lagt til grunn.

Fylkesmannen skriv i sitt budsjettbrev til kommunen

«Med dei utfordringane kommunen ser framover, er det positivt at det vert lagt for dagen endringsvilje og evne til å vedta vegval for å innrette tenestetilbod etter behov, forventningar og reduserte inntekter i framtida sjølvstøtt med den målsettinga at korkje kvalitet på tenester eller arbeidsmiljø skal bli skadelidande».

Framtidsbildet i 4 – års perioden med endringar i inntektssystem, nedgang i folketal, reduksjon i egne inntekter og auka kapital- og pensjonskostnader viser at kommunen må gjere prioriteringar og vegval for å tilpasse og styrke vår posisjon og ruste oss for framtida. Med det som bakteppe vert følgjande rammer lagt til grunn for økonomiplanperioden:

Tenesteområde	Bud-15	Bud-16	Bud-17	Bud-18	Bud-19
Felles økonomi	21 981 000	22 000 000	21 500 000	21 500 000	21 500 000
Helse og omsorg	127 015 000	122 000 000	120 000 000	115 000 000	110 000 000
Oppvekst	75 925 000	72 500 000	72 500 000	71 000 000	70 000 000
Samfunnsutvikling	29 890 000	29 500 000	28 000 000	28 000 000	28 000 000
Sum	254 811 000	246 000 000	242 000 000	235 500 000	229 500 000
Endring frå 2015		-8 811 000	-12 811 000	-19 311 000	-25 311 000

Rammene er basert på endringane i folketalet og venta reduksjon i behovet for tenester for barn og eldre. Størst nedgang er venta i helse og omsorg, rammene er basert på prognosane for aldersgruppa 80+.

Det må skapast handlingsrom gjennom prioriteringar og endringar. Kommuneorganisasjonen må være handlekraftig og vise evne til omstilling i samspel med innbyggjarane. Aktivitetar som bidrar til førebygging, tidlig innsats, eigenmestring og god folkehelse skal prioriterast. Ei av dei mest omfattande omstillingane skjer innafør helse- og omsorgstenestene gjennom prosjektet *Meistring og deltaking – heile livet!* Her vil også ny bruk av velferdsteknologi spele ein vesentleg rolle. Kommunen må vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative løysingar.

Helse og omsorg

Kommunedelplan helse og omsorg legg til grunn eit moderne tenestetilbod i samsvar med samhandlingsreforma og andre nasjonale føringar.

- etablere Helsehus på Daletunet med formål å styrke førebygging og rehabilitering ved bruk av korttidsplassar, avlastning, omsorgsbustader og dagsenter. Heimebaserte tenester med kvardagsrehabilitering og bruk av velferdsteknologi vert tett integrert i tilbodet.
- etablere Ressursenter for demens på Vaksdal Sjukeheim og Jamnetunet

Bruk av moderne velferdsteknologi vert sentralt i tilbodet. Tettare samarbeid med pårørande, nærmiljø og frivillige er eit mål.

I 2015 vert det sett i gang eit forprosjekt kalla «Meistring og deltaking – heile livet» jf vedlagt projektskisse der ein vil

- greie ut om mogelegheiter og kostnader ved ei slik omlegging
- planlegge for ei trinnvis etablering

Prosjektet er knytt til ulike forskningsmiljø og det er søkt om økonomisk støtte til arbeidet. Fylkesmannen har tildelt kr 350 000 i skjønnsmidlar til forprosjektet og det er løyvd midlar over kapitalbudsjettet i 2015. For framdriftsplan, medverknad og organisering sjå vedlagt projektskisse.

De må leggast til grunn investeringsmidlar i planperioden for realisering av endringane. Forprosjektet vil gje nærare oversikt over kostnadane fram mot neste rullering av økonomiplanen. For ombyggingane på Vaksdal Sjukeheim kan det påreknast lån og tilskot frå Husbanken, det kan også gjelde noko av Daletunet. Avtalen om fordeling av drifts- og kapitalkostnader ved Modalstunet vert ikkje reforhandla jf. eige sak.

Oppvekst

Kommunen har satsa på barnehageutbygging og har to nye, moderne barnehagar på Vaksdal og Stanghelle i tillegg til Dale- og Stamnes barnehagar. Nedgang i barnetalet i perioden krev tilpassing av tilbodet framover, mest merkbar vert det i Stamnes og på Vaksdal, men også dei andre barnehagane vil merke dette. Dei siste åra har me fått fleire 1-åringar i barnehage også her i kommunen.

I kommunedelplan oppvekst er kvalitet i fag, prosessar og strukturar hovudmålet. Utviklinga i barnetalet i planperioden vil gje få elevar på kvart trinn i barneskulane. Dette utfordrar den fagleg kvalitet i skulane våre. Kommunen har ingen fulldelte barneskular. Rektorane og skuleleiinga peikar på dei utfordringane utviklinga i barnetalet og inntektene våre vil gje for skulen vår i framtida. I deira framlegg til rådmann tilrår dei ei nytenking rundt skulestruktur for å kunne sikre eit fagleg godt tilbod som gir godt læringsutbytte for elevane i kommunen, saman med effektiv skuledrift.

Kommunestyret vedtok i økonomiplan 2015-2018 at rådmannen skal setje i gang ein prosess for drøfting av skulestrukturen i Vaksdal kommune Sak med kunnskapsgrunnlag og framlegg til prosess er behandla i utval for levekår og tatt inn i økonomiplanen.

Mandat for prosessen:

- Skulestrukturen i Vaksdal skal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggjast vekt på.
- Skulestrukturen må tilpassast dei økonomiske rammene som er tildelt.
- Utgreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidsretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur.
- Utgreiinga skal vera grunnlag for politisk handsaming i høve til om dagens skulestruktur skal endrast.

Framdriftsplan, medverknad og organisering er nærare omtalt i saka, sjå vedlegg. Kunnskapsgrunnlaget og tilstandsvurdering for barnehage og skulebygg ligg ved.

Samfunnsutvikling

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2030. Spanande prosessar som vil påverke utviklinga i vårt område er m.a.

- KVU Arna –Voss, planlegging av ny veg og bane på strekninga
- rullering av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, kommunedelplanar
- kommunestruktur

«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som vi ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfordrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar , næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel på nettopp det. Togsamband og stamveg gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan vi auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Rådmann legg til grunn aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida. I planperioden er det viktig å skape handlingrom for utvikling. Viktige tiltak i perioden:


- Aktiv deltaking i viktige eksterne planprosessar
- Gjennomføre nødvendige planprosessar i kommunen
- Legge til rette for bustadutbygging
- Å skaffe oversikt over kommunale eigedomar og anlegg og vurdere tilstand og ev oppgradering, avhending og ev nye behov
- Gjennomføre viktige satsingar innafor vatn og avlaup som nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt til avlaup
- Å styrke det tverrfaglege miljøet i eininga samfunnsutvikling

Organisasjonen og kommunen som tenesteytar

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Organisasjon

Vaksdal kommune er organisert i to nivå med rådmann, stab og 6 resultateiningar.



Prosjekt: Organisasjonsutvikling (OU)

Prosjektet går over fire år frå 2013 -2016 og har fire hovudtema: organisering, leiing, kompetanse og system. Målsetnadane for kommunen som tenesteytar er rettesnor for utviklingsprogrammet.

Vidare i prosjektperioden er fokuset framleis på organisering, leiing, kompetanse og system og gjennomføring av strategiane som er lagt.

OU prosjekt: Første året (2013) var hovudfokus organisering etter justert modell og nødvendig oppgradering/infrastruktur av IKT. Einingsvise prosjekt for kartlegging, analyse og best mogeleg organisering kom i gang.

I 2014 har alle einingane vidareført arbeidet og har nytta grunnlaget til å identifisere effektivisering gjennom heilskapleg arbeid og betre samhandling på tvers. Analysane og forslaga er til grunn for arbeidet med budsjett- og økonomiplan for 2015-2018. Målsetnaden har vore å få eit godt forankra avgjerdsgrunnlag for strategiske val og prioriteringar framover når rammevilkåra våre endrar seg.

Programmet har ei rekkje delprosjekt. Systemarbeid knytt til internkontroll og kvalitetsutvikling, brukarundersøkingar, medarbeidarundersøking, bruk av relevante styringsdata og gevinstrealisering som arbeidsmetode er døme på det.

Alle prosjekta handlar grunnleggande om utvikling av arbeidsprosessar, kompetanse og samhandling slik at vi som organisasjon på best mogeleg måte kan løyse oppgåvene våre og oppnå resultat i samsvar med vedtatte mål.

Kompetanse og fag er grunnmuren for prosjektet og for organisasjonen som tenesteytar og serviceorganisasjon. Menneska som utgjer organisasjonen er til ei kvar tid den viktigaste ressursen vi har for å løyse vår faglege hovudoppgåve.

Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen. Etter ny organisering skal det vere tydelege leiarnivå og kven som kan ta avgjerder på desse nivåa.

Leiarutviklingsprogram skal støtte opp under denne målsetnaden og gjelde for heile organisasjonen. Avdelingsleiarrolla er styrka og vert satsa på i den nye organisasjonen.

Nærare om utvalde satsingsområde i perioden:

Etikk

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. I OU-prosjektet er etikk tatt inn som eige deltema. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen.

Internkontroll er nært knytt til verksemdstyring og kvalitetsutvikling. I OU prosjektet er det etablert eit eige delprosjekt knytt til internkontroll og kvalitetssystem.

Openheit og innsyn/Digital kommunikasjon med innbyggerane

Kommunen ønskjer openheit og innsyn i forvaltninga. I dei siste åra er det tatt i bruk ny teknologi for å kunne imøtekomma dette på ein betre og sikrere måte. Det er også iverksatt tiltak for å styrke kompetansen i organisasjonen. Gjennom aukande digitalisering i samfunnet generelt er forventningane til innsyn og offentlegheit via digitale løysingar sterkt aukande. Kommunen må tilpasse seg denne utviklinga gjennom auka kompetanse og gode digitale løysingar. Konkret er arbeidet tatt inn som del av OU prosjektet.

Digitalisering

Kommunane som er med i ikt-samarbeidet **iktnh** revidert strategiplanen i 2015 jf vedlegg. Vaksdal har ein aktiv rolle i utviklingsarbeidet gjennom rådmannsutvalet og strategigruppa. Overordna mål for digitalisering i kommunane er:

Kommunane skal utvikla effektive digitale teneste som gjer det mogleg for innbyggjarar og næringsliv å løyse sine oppgåver sjølv. Det er vår ambisjon å:

- **forenkla**, som handlar om å gi enkeltmennesket innsikt i prosessar, resultat og prioriteringar, enklare teneste og å kutte unødvendig byråkrati og kompleksitet.
- **Forbetra**, som handlar om kvalitet. Det å løfte kompetansen og sørge for at den brukas der den trengs mest, slik at kommunanes tenester blir betre.
- **Fornya**, som handlar om å jobbe smartare, betre samhandlinga og etablera samanhengande arbeidsprosessar ved å ta i bruk moglegheitene teknologien gir oss

Under dette tema pågår det ei rekkje større og mindre prosjekt lokalt eller felles med andre kommunar. Satsingar knytt til digitalt førsteval, digital dialog, elektronisk samhandling i helse og omsorg og veldferdsteknologi er prioriteringar saman med kompetanse, personvern, tryggleik, arkiv og strategisk leiing.

Beredskap

Overordna Risiko og sårbarheitsanalyse og ny beredskapsplan er ferdigstilt i 2015. Kompetanseheving og trening av personell saman med øvingar står i fokus i åra som kjem.

HR

Vaksdal kommune sin arbeidsgjevar politikk har viktige målsetjingar for personalområde

- Kommunen skal framstå som ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar med myndiggjorte medarbeidarar.
- Sikre kommunen nødvendig kompetanse for å nå vedtekne mål.
- Utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Å stimulere til kreativitet og nytenking.
- Arbeida aktivt og systematisk med arbeidsgjevarspørsmål på alle nivå i organisasjonen.
- Å avklare rammevilkåra for dei tilsette

Det skal gjennomførast tilpassingar til reduserte budsjetttrammer og effektivisering av tenestetilbodet i alle einingar og på alle nivå. Tilpassingane vil berøre tilsette. Sjølv om reduksjon i antall årsverk så langt råd må løysast gjennom naturleg avgang og utan oppseiingar, vil mange kunne få endring i arbeidssituasjonen. Rådmannen vil legge til rette for så gode løysingar som mogeleg for den enkelte.


Sjukefråver

Målsetnaden om eit sjukefråver i den kommunale organisasjonen på **7 %** vert vidareført.

Sjukefråveret i kommunen har over tid vore for høgt og arbeidet vårt for å redusere sjukefråveret er gjennomgått og forsterka i perioden. AMU vedtok våren 2015 ein ny IA-handlingsplan for kommunen. Det skal m.a utarbeidast handlingsplanar med konkrete aktivitets- og resultatmål på alle nivå. Partssamarbeid i IA – avtalen lokalt skal forankrast og samarbeidet med legane og NAV styrkast. Tidleg dialog, tettare oppfølging og betre koordinering ved tilrettelegging er fleire tiltak saman med arbeidsmiljøgrupper og kompetansehevingstiltak lokalt.

Medarbeidarundersøkingar vert gjennomført i 2017 og 2019. Målet er ein svarprosent på min 65%. I 2015 var svarprosenten 74 %.

Mestrer du jobben din ut fra forventningene som stilles til deg?



Medarbeidarundersøking 2015 – hovudbilde

- Sett under eitt har vi godt nøgde arbeidstakarar i Vaksdal kommune
- Lik eller betre skår enn tidligare år i alle dimensjonar
- Generelt høg trivsel og godt samarbeid mellom kollegaer
- Tilsette er veldig nøgd med arbeidets innhald (<6% svar på 1-3 i skala frå 1-6) og meiner å mestre det godt
- Forholdet til leiinga lokalt og overordna ser ut til å vera styrka sidan 2011. OU-prosjektet, dialogmøter og fellessamlinga ein gong i året kan ha medverka til dette
- Overordna leiing skårar likevel under landssnitt for Noreg
- Pilane for organisering av arbeidet og faglig/personlig utvikling pekar oppover
- Fysiske arbeidsforhold og især standarden på arbeidslokala kritiserast
- 56% av respondentane har fått tilbod om medarbeidarsamtale, av dette gjennomførte 83% denne dei siste 12 mund.

Aktiv bruk av vårt nye intranett **Skyttelen** for intern kommunikasjon og link til kvalitetssystem med alle gjeldande rutinar og retningsliner i organisasjonen. I 2015 er det utarbeida ein kommunikasjonsstrategi som skal leggest til grunn for kommunikasjon internt og eksternt. Informasjon og kommunikasjon vert avgjerande for å lukkast med fells ståstad og felles kultur medan me står i krevjande omstillingar.

Omstilling og endring

Alle organisasjonar er i stadig endring. I vår organisasjon har vi justert organisasjonsstrukturen dei siste åra for å rigge oss for utfordringar som kjem. Me arbeidar for å tilpasse oss endra behov, oppgåver og inntekter. For tilsette i kommunen kan endringsprosessar gjere at ein får nye kollegaer, nye arbeidsoppgåver, nye måtar å arbeide på eller andre faglege utfordringar. Dette kan vere inspirerande og motiverande, men for nokon også føre til utryggleik og stress.

Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omstilling. Her er kommunen sine rutinar for omstilling, omstillingsutval, stillingsutval og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktige verktøy for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte. I planperioden vil tal årsverk verta redusert.

Rekruttering og lærlingar

Generelt er det god søknad til faste stillingar i kommunen. Rekruttering av leiarar og tilsette med spesialistkompetanse er meir krevjande. For å sikre god rekruttering til helse og omsorg deltar kommunen i programmet for desentralisert sjukepleiarutdanning. I tillegg vert det starta eit kvalifiseringsprosjekt som tilbod for personar som ynskjer arbeid innafør helse og omsorgs-sektoren. Kommunen har mål om å ha 8 lærlingar kvart år i perioden.

Tenesteområda i planperioden

Oppvekst

Kommunen har 4 barnehagar og 5 skular, i tillegg kjøper me skuleplassar til elevar frå Eidsland i Modalen kommune. Kommunen yter tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidsland og Modalen som går i barnehage i Modalen. Avtalane med Modalen kommune gjeld ut skuleåret 2015/2016.



I rammene for tenesteområde oppvekst ligg grunnskuletilbod, barnehagetilbod, PPT, vaksenopplæring og sentralt skulebudsjett.

Kostnadsnivået for skule pr 2014 ligg under nivå med kommunegruppa, men er høgare enn fylket og landet. Kostnadsnivå i barnehage ligg i 2014 under kommunegruppa, fylket og landet, noko som mellom anna skuldast at færre barn går i barnehage i vår kommune. Det er likevel ei auke i kostnadsnivået for barnehagane i Vaksdal frå 2013 til 2014.

Vaksdal har over tid hatt mange elevar med spesialundervisning, men med godt gjennomført arbeid over tid har vi no klart å redusera del elevar med spesialundervisning til omlag 10 % og vi nytta mindre timeressursar til spesialundervisning enn landet elles. Barnehagane og skulane har jobba med endringar i fleire år og tilpassa opplæring er styrka. Det tyder på at vil sjå gode resultat av arbeidet dei neste åra. PPT har stort fokus på arbeid med systemretta arbeid i skulane og barnehagane våre, i tillegg til individretta sakkunnig arbeid.

Mål for tenesteområde oppvekst 2016 -2019

Fremje barna og elevane si faglege og sosiale utvikling i tråd med sentrale og lokale målsettingar gjennom omsorg, lek, læring og danning

Framtidig skulestruktur skal gje ein framtidretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdig uavhengig av kor i kommunen ein bur.

Vi skal bli enda betre kvalifisert til å utøva våre roller som aktive oppveksteigarar i ein kunnskapsutviklande styringsdialog, og som aktive oppvekstleiarar gjennom eit leiarskap som fremja medarbeidarskap

Dei faglege måla for nasjonale prøvar og grunnskulepoeng har me ikkje nådd dei siste åra. Skulane har arbeidd godt med tiltak for å auke læringsutbytte og snu trenden. For skuleåret 13/14 er resultatane betre, sjølv om me framleis ligg under snittet for landet.

Vaksdal kommune, grunnskulepoeng (kunnskapsløftet)

	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Vaksdal kommune	38,4	37,6	37,2	36,3	38,6
Hordaland fylke	40,7	40,4	40,7	40,3	40,9
Nasjonalt	39,9	39,9	40,0	40,1	40,4

Hovudutfordringa for perioden innan oppvekst samla er den låge barnetalsutviklinga. Fødselstala i kommunen viser at barn totalt i kvart årskull vil ligge mellom 34 og 47 born dei siste 5 åra. Det er særleg områda Stamnes, Eidslandet og Eksingedalen som går ned, men òg samla barnetal på Vaksdal, Stanghelle og Dale vil vi ligga lågare enn det dei har gjort dei siste åra. Dale vil oppleve auke, medan Vaksdal får ein nedgang

Oversikt barnetal i dei ulike bygdene (pr. mai 2015)

Fødselsår	-14	-13	-12	-11	-10	-09	-08	-07	-06	-05	-04	-03	-02	-01	-00	-99
Vaksdal	15	8	13	11	13	23	19	29	14	22	18	5	17	0	0	0
Stanghelle	13	7	8	13	18	6	9	11	9	13	8	13	8	0	0	0
Dale	15	18	8	17	13	21	10	9	14	13	7	12	10	42	56	44
Stamnes	3	2	4	3	0	8	8	5	7	2	3	5	4	0	0	0
Eidslandet	0	1	0	0	0	1	0	3	1	0	1	2	0	3	2	2
Eksingedalen	1	0	1	0	0	3	1	0	1	2	0	3	0	1	2	0
Samla	47	36	34	44	44	62	47	57	46	52	37	40	39	46	60	46

For å tilpasse oss elevtalet og rammene i økonomiplanen må drifta reduserast i perioden om strukturen er lik. For å møte dette arbeider både barnehagar og skular med å auka kompetanse på alle nivå. Ulike organiseringar av elevgrupper i skulen vert prøvd for å frigjera ressursar til å dela nokre aldersblanda årssteg i faga norsk, engelsk og matematikk, og auka kvaliteten på ordinær undervisning for å minke spesialundervisning.

Det ligg ei målsetting i økonomiplanperioden om å redusere driftskostnadene i kommunen og innan oppvekst kan dette kan møtast gjennom ein generell reduksjon på tenestenivå eller endringar i organisering og struktur. Den desentraliserte skulestrukturen med nærmiljøskular gjer at vi idag berre har fådelte skular, utanom ungdomstrinnet på Dale. Dette er ressurskrevjande og det gjev små og mindre robuste fagmiljø for det pedagogiske personalet. Endringar i skulestrukturen kan føre til at ein slepp dei største nedskjeringane i timetildelinga til styrking, deling, spesialundervisning og særskild språkopplæring. Kjøp av elevplassar i andre kommunar er òg ein del av skulestrukturen i Vaksdal.

Når ressursramma til skulane skal reduserast, er det viktig å vurdere kvaliteten på opplæringa til elevane opp mot ei eventuell endring av skulestruktur. Det er eleven sitt læringsmiljø som skuleeigar har ansvar for, ei opplæring som tek omsyn til eleven si føresetnad for læring og utvikling. Eventuelle strukturelle endringar kan vera ønskjeleg om:

- Det sikrar betre kvalitet på tilbodet til den einskilde eleven
- Dette gjev meir kvalitativ effekt av samla tilgang på ressursar og kompetanse
- Dette gjev kommunen best mogeleg utgangspunkt for å byggje ut ein framtidsretta arena for læring, lokalitetar som stimulerer til læring og vekst

Gjennom ein prosess skal skulestrukturen i Vaksdal greiast ut og vurderast i ein heilskapleg analyse der pedagogiske, samfunnsmessige og økonomiske vurderingar skal leggjast vekt på. Skulestrukturen må tilpassast dei økonomiske rammene som er tildelt. Utgreiinga skal visa konkrete alternativ for ein framtidig skulestruktur som skal gje ein framtidsretta skule der opplæringstilbodet skal vera likeverdige uavhengig av kor i kommunen ein bur. Utgreiinga skal vera grunnlag for politisk handsaming i høve til om dagens skulestruktur skal endrast.

For å nytte heile kapasiteten på dei ulike avdelingane i barnehagane må vi vurdere i kva grad vi kan ha opne alle avdelingane i alle barnehagebygga og i bygdene. Kapasiteten i dei nye barnehagane på Stanghelle og Vaksdal må nyttast kostnadseffektivt.

Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenestene i Vaksdal har i perioden ei klar målsetning om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande innsats. Det er både faglege og økonomiske grunnar til det. Helse- og omsorgstenestene i kommunen står framfor store utfordringar i åra som kjem. Me merkar alt at kravet til kompetanse, både generell og spesialisert, aukar. Det same gjer brukarane sine forventningar om tenester. Spesialisthelsetenesta overfører oppgåver til kommunen, og det vert varsla at fleire oppgåver vil følgja i åra framover. Men inntektene aukar ikkje tilsvarande, tvert i mot står kommunen framfor tøffe økonomiske år. Tilgang til kompetanse og til fagfolk vert også nemnt som ei av dei store utfordringane i åra framover. Det vert derfor heilt avgjerande at helse og omsorg i økonomiplanperioden gjer ein stor innsats for å få mest mogeleg ut av dei ressursar me har tilgjengelege, og for å løysa oppgåvene med mindre ressursar. Dette treng ikkje medføra at tenestene vert dårlegare. Større fokus på dei lågare trinna i omsorgstrappa der ein finn førebyggjande arbeid, rehabilitering, brukarmedverknad og samarbeid med pårørande og frivillige, vert viktig. Det same vert å finna betre og meir effektive måtar å yta tenester på og å ta i bruk ny kunnskap og nye metodar.



Me vil jobba vidare med utvikling av tenestene i tråd med lokale og nasjonale føringar og etter den veg som vert staka ut i kommunedelplan helse og omsorg. I planprogrammet vert det peika på følgjande sentrale område:




- Innovasjon og nytenking
- Frivillighet, organisasjonar og næringsliv
- Heilskap og samordning
- Førebyggjande arbeid
- Meiningsfull og aktiv kvardag
- Kompetanse og rekruttering

Desse områda samsvarar godt med det utfordringsbiletet me ser, og med stikkorda frå OU-arbeidet i einingane: førebygging, rehabilitering og habilitering, læring og meistring, psykisk helse, eigenomsorg/bu i eigen heim, bruka velferdsteknologi.

Dei samsvarar også godt med sentrale føringar gjennom mange år gjennom NOU-ar og stortingsmeldingar. I mai 2015 kom «Omsorg2020» og St. meld. 26 «Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet». Meldinga til kommunane om å satsa på fornying, innovasjon og å ta i bruk nye og effektive metodar, vart endå meir forsterka i desse dokumenta. Det vert anbefala å styrka heimetenesta, ta i bruk brukaren sine eigne ressursar, samarbeida med pårørande og frivillige, auka innsats på hab-/rehabilitering og tilrettelegging og å ta i bruk teknologi for å oppnå meistring for den enkelte og få betre ressursutnytting. Det er etablert eit nasjonalt program for utvikling og implementering av teknologi, og målet er at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenestetilbodet i heimetenestene innan 2020. I tillegg vert satsane for investeringstilskot til bygging og oppgradering av sjukeheims plassar og omsorgsbustadar auka, og satsinga innan demensfeltet og på kvardagsrehabilitering skal holda fram.


Vaksdal kommune har mange av dei eldre, og av dei eldste eldre. Me ser også av statistikken under at mange av dei mottek tenester, både heimeteneste og sjukeheimplass.

	Vaksdal 2014	Kostragruppe 3	Hordaland	Landet
Del 67-79 år	11,9	11,7	9,1	10,1
Del eldre over 80 år	8,1	5,6	4,3	4,4
Einslege over 80 år	65,7	66,7	63,7	64,4
67 år og over på inst.	6,5	6,3	5,7	5,1
80 år og over på inst.	16	15,7	14,5	13,3
Del åleinebuande utanfor inst. med heime-/støtteteneste	52,4	40,8	34,5	37,4



Det høge tale eldre gjer at me har mange personar med demens. Folkehelseinstituttet oppgitt at i gruppa over 89 år vil 43 % ha demens. Ut frå prognosane har me i 2015 i Vaksdal 104 personar med demens. Dette talet går ned til 98 personar fram mot år 2025, og så aukar det utover til 131 personar i 2040 (SSB og Rotterdamstud.).

Kommunen har over tid gradvis tilpassa tal og type plassar til endringar i behov, mellom anna er langtids plassar omgjort til korttidsplassar på Daletunet. Dette er ei ønskt utvikling og i tråd med å vri fokus mot førebygging, rehabilitering og tenester i heimen. Tabellane under viser at Vaksdal framleis har færre av dei spesialiserte sjukeheimplassane (tidsavgrensa opphald, skjerma demenseining og rehabilitering). I framtidig helsehus på Daletunet må ein sikre tilstrekkeleg plassar til førebygging og rehabilitering. Fleire av dei som tidlegare fekk tilbod om somatisk sjukeheimplass, vil kunne bu i heimen med tilrettelegging og tenester, medan det må satsast meir på korttidsopphold, rehabiliteringsplassar og godt tilrettelagde bueiningar for personar med demens.



Ny akuttmedisinforordning stiller krav til legevakt som det vert vanskeleg å innfri for ein kommune av Vaksdal sin storleik. Dette gjer at avtale om legevakt vert viktig å få på plass. Det same gjeld avtale om øyeblikkeleg hjelp-senger (ØH-/KAD-senger) som skal på plass frå 01.01.2016. Primærhelsetenestemeldinga varslar også at det frå 01.01.2017 skal verta betaling for utskrivingsklare pasientar innan rus og psykiatri, og at kommunane innan same dato må stilla med øyeblikkeleg hjelp-senger også til desse diagnosegruppene.

Mål for tenesteområde helse og omsorg 2016 -2019

Ut frå lokale og sentrale føringar, utfordringsbiletet vårt og erfaringar me har gjort dei siste åra, har me desse måla for økonomiplanperioden:

1. Brukarane skal verta møtt med eit ressursorientert perspektiv, og det skal vera fokus på helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tiltak.

Me når målet gjennom å byggja ut dei nedste stega på omsorgstrappa og gjennom kompetanseheving og bevisstgjerung av tilsette på alle ledd og alle avdelingar, kursing/vidareutdanning/kursrekkje i helsepedagogikk. Gjennom arbeidet med etisk refleksjon, og ved å nytta metodar som kartlegg ressursar, t.d. kvardagsrehabilitering.

2. Brukarane skal ha reell mogelegheit for brukarmedverknad, og det skal samarbeidast meir og betre med pårørande og frivillige.

Me når målet ved brukarmedverknad både på system- og individnivå. Systemnivå kan vera gjennom Ungdomsrådet, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og gjennom foreldre-, pasient- og pårørandegrupper. Brukarmedverknad på individnivå skal alltid ha fokus, og er ein naturleg del av satsingar som t.d. kvardagsrehabilitering. Det skal satsast meir på samarbeid med frivillige.

3. Arbeidet med å vri ressursar frå institusjon til open omsorg skal holda fram, og sjukeheimplassar/grupper skal plasserast på ein måte som sikrar god utnytting av ressursar og kompetanse.

Me når målet ved å tilpassa sjukeheimplassar til ønskt dekningsgrad og ved å disponera alle sjukeheimplassar i eigen kommune for å få fleksibel og målretta bruk av plassane. Avtalen med

Modalen går ut 01.01.2016, og han vert ikkje fornya. Me startar forprosjektet med «minibygd» for demens på Vaksdal og Helsehus på Daletunet. Me tek i bruk dei to tryggleiksromma på Daletunet og bemannar ei gruppe omsorgsbustadar for å utsetja/unngå innlegging på sjukeheim.

4. Teknologi skal takast i bruk for at brukarar i alle aldrar med fysiske, psykiske og sosiale funksjonsvanskar skal oppnå betre meistring og livskvalitet, og for å effektivisera tenestene.

Meldingsløftet gjekk greitt å innføra i Vaksdal kommune, me har teke i bruk nettbrett i heimetenesta, og det er på plass nye alarm- og telefonisystem på sjukeheimane som kan tilknyttast moderne teknologiske løysingar. Vidare satsing på teknologi vert følgt opp i forprosjektet «Meistring og deltaking – heile livet» (prosjektskisse er vedlagt). Me byggjer opp kompetanse på området gjennom kursing, vidareutdanning og hospitering/studietur.

5. Det skal etablerast ressursbase eller «minibygd» for personar med demens på Vaksdal og Helsehus med brukarlab for teknologiske hjelpemiddel på Daletunet.

Dette får me på plass ved eit godt forprosjekt som utgreier alternative løysingar, og konkluderar med kva som er smart å satsa på i Vaksdals-målestokk. Me søkjer om støtte til prosjektet og til oppjustering av aldersbustadane og prøver å få forskning knytt satsinga.

6. Innbyggjarane skal få forsvarlege og «gode nok» tenester.

For å nå dette, må me holda oss oppdaterte på lover, føringar, kvalitetskrav og faglege anbefalingar, og me må kjenna og bruka styringsdata. Nivået på tenestene må tilpassast til «passande» nivå. Me må også samarbeida godt både internt og eksternt og nytta tilgjengelege ressursar godt. For å ta i bruk ressursane i personalgruppa, vert det viktig å få auka stillingsstorleikar og redusera sjukefråvær. Det må utgreiast og eventuelt gjerast avtalar med vertskommunar om tenester me ikkje kan eller får store vanskar med å levera sjølv, t.d. legevakt, meir «spesialisert» rehabilitering som før vart gitt i spesialisthelsetenesta, ØH-senger for somatikk frå 2016 og ØH-senger for rus/psykiatri frå 2017.

Helse- og omsorgsfeltet står framfor ei utfordrande og tøff tid, både når det gjeld økonomi og krav om tenester og faglegheit. Men dette vert også ei spanande tid, og ei tid der nye mogelegheiter kan opna seg. NOU-ar og stortingsmeldingar uttrykkjer at ein gjerne må få eit ytre press for å verta kreativ og innovativ. Dette ytre presset kjenner me no, og me må derfor henta fram kreativitet, gode idéar og gjennomføringsevne. Økonomiplanperioden vil verta ein utfordrande, spanande og nyskapande periode som fører oss på rett veg for å møta dei kommande utfordringane.

Samfunnsutvikling

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040.

Viktige prosessar som vil ha verknad for samfunnsutviklinga er mellom anna

- Dobbeltspor Arna – Voss samt utvikling av Arna som regionalt senter for vår region
- KVV Arna –Voss, ny veg og bane på strekninga. Planfase for Nasjonal transportplan 2018 – 2027.
- Rullering av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, kommunedelplanar
- Kommunestruktur
- Logistikklysing for Bergensområdet



«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som vi ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfordrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar , næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel

på nettopp det. Togsamband og stamveg gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan vi auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Vi vil fortsette å følgje opp forvaltningsrevisjonen med å dokumentere tilstand på kommunale bygg:

1. Bygg for oppvekst (mai 2015)
2. Sjukeheimar med omsorgsbustader (2. halvår 2015)
3. Utleigebustader (1. halvår 2016)
4. Kulturbygg (1. halvår 2016)
5. Administrasjonsbygg (2. halvår 2016)

Tilstandsregistrering for skulebygg synar eit etterslep vedlikehald på 255 millionar kroner dei neste 5 år. Det er stor usisse i framtidige inntekter for kommunen, men alle prognosar er tydeleg på at driftsinntektene vil bli redusert i åra som kjem. Vi må difor prioritere og syte for at investeringane våre i infrastruktur gir oss lågare driftsutgifter. Vi må setje av tilstrekkeleg midlar til at vi kan vedlikehalde vår bygg og anlegg. Berre på den måten kan vi oppretthalde og vidareutvikle eit godt tenestetilbod.

Rådmann legg til grunn aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida. I planperioden er det viktig å skape handlingrom for utvikling. Viktige tiltak i perioden:

- Bidra til at kommunen er god og bu i ved å levere gode tenester og god særvis.
- Skaffe oversikt over kommunale eigedomar og anlegg og vurdere tilstand og framtidig bruk, det vil seie oppgradering, avhending og/eller endra bruk
- Aktiv deltaking i viktige eksterne planprosessar.
- Realisere potensiale for bustadutvikling i perioden og legge tilrette for utbygging på Stanghelle vest med akseptabel økonomisk risiko for kommunen.
- Gjennomføre nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt til avlaup.